

# Årsmelding 2017 Birtedalen sti- og løypelag

I tillegg til årsmøte har vi hatt 2 styremøter.

Saker har vore:

- planlegge årsmøte
- kva gjer vi med løypetraseen 2017?
- status merkeprosjekt
- basarplanlegging
- grendehuset – tøming av inventar
- barneskirenn i påska
- VIPPS
- innspel frå hytteeigarar om utvida trase
- konstituering av styret
- fastsette dugnadsdatoar og kva som skal gjerast
- skal vi kjøpe skuter med groomer? – søke om midlar til dette.
- tilbod om kjøp av kart – Birtedalen 1848
- søke mva refusjon
- søke Fyresdal kommune om støtte til løypekøyning



2017 hadde vi 144 frivillig løypeinnbetalingar.

Vi har hatt 3 store dugnader. Bru/traserydding i Griddalen har vore det største arbeidet i år. Bru ved Fjalebu, rydding av trasè, rørutlegging, gravemaskinarbeid i traseen frå Griddalskryssset ned til Birtevatn. Beitepussing av slepa inn mot Nuten. Vi har hatt 42 personar i arbeid som har gjeve 219 dugnadstimar.

Tøming av grendehuset. Vi solgte inventar på messa i påska, påskeaften og på Finn.no Ein del gjekk til Åse og Leiv Birger Tovslid til felles bruk på gamlebutikken. Sit att med ein del religionsplakater og 3 pultar.

Basaren blei arrangert 5.august på gamlebutikken. Det var rekordbesøk. Aase leia komiteen. Vi fekk inn kroner 55 836,- . Inntektene gjeng til arbeidet med stiar og løyper.

Vi fekk, etter søknad, kr 200 000,- av Gjensidigestiftelsen til kjøp av skuter med groomer.

Facebooksida Birtedalen sti og løypelag hadde 1350 likarar pr 14.03.17 - pr 13.03.18 har vi 1542 likarar.

Heimesida har jamt besøk, ca 15 unike brukarar kvar dag, .

Grasrotgjeverar. Pr 31.12.17 hadde vi 51. Det er auk på 17 frå året før.